

# Tilrettelegg for kvinner

Prosjekt Utstillingsvindaug for kvinner i lokalpolitikken følgjer opp med eit nytt kurs. Dei ynskjer fleire kvinner inn i politikken.

Anneli Rem  
anneli@storfjordnttt.no

Prosjekt Utstillingsvindaug for kvinner i lokalpolitikken er ei nasjonal satsing frå regjeringa for å auke representasjonen av kvinner i lokalpolitikken. 22

kommuner deltek i prosjektet som skal vare fram til 2011. Det blir gitt om lag 20 millionar kroner i støtte til kommunene.

I Møre og Romsdal fylke er kommunene Norddal og Vestnes med i prosjektet. Solveig Linge Stakkestad er leiar for gruppa i Norddal.

– Vi arbeider med praktiske tiltak for å gjere det lettare for kvinner å delta i politikken, og vi ynskjer å bidra til å auke kompetansen og sjølvkjensla til kvinner, seier Solveig.

No er dei klare med eit nytt kurs: “Du er bodskapen”.

– Det er først og fremst eit kurs retta mot kvinner, men det er ope for menn også. Kurset handlar om korleis ein skal bli høyrte og korleis ein skal framstå som truverdig. Kroppsspråk, stemmebruk, pusteteknikk og kleskode er noko av det ein vil kome inn på, opplyser Solveig.

Prosjektgruppene i Norddal og Vestnes samarbeider om arbeidet.

– Vi samarbeidde om førre kurs, “Media som moglegheit”. No følgjer vi opp med dette kurset, seier Solveig Linge Stakkestad.